



Fem av dei åtte i ganglaget/jubileumskomiteen tek ein ekstrarunde til ære for fotografen før øvinga på torsdag. Frå venstre Randi Pettersen, Liv Eik, Sidsel Stigum, Møyfrid Kristoffersen og Brit Hallaråker. Venke Vetthus, Brit Hjetland og Brit Helen Hauan var ikke til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Røysterett for alle øver inn eit stort program foran festforestillinga som skal avviklast i Kulturhuset Husnes 29. mars og vera ein hovudknagg i 20-årsfeiringa til det framgangsrike koret. I spissen for planleggjinga står åtte damer, fordelt på fire som har ansvar for det kunstnarlege og fire som tek seg av det tekniske. Men eigentleg utgjer dei åtte ei aktiv trimgruppe og det var leiinga i koret som gjorde gruppa til jubileumskomite.**

Trimminga starta etter ein konsert på Varaldsøy 6. januar i fjor. Ei av damene i koret klagde over at ho var i dårleg form og andre trekte den kloke konklusjon at då fekk dei trimma. Det starta med at fem gjekk ein tur ein gong i veka, men snart auka flokken til åtte. Og sidan har dei vore på farten høgt og lågt på 30 toppar og stader på måndagane – frå Borgundøy til Varaldsøy og med Ingahogg som det høgste punktet. Ein einaste måndag har dei stått over – og det var 24. desember! Sjølv ikkje i sommarferien hadde dei opphald. Resultatet var at dei ved utgangen av 2007 var solid representert på fire trimlister: Kvinnherad, Uskedalen, Herøysund og Sørøal.

- Ingenting har stoppa oss sjølv om vi har opplevd både skodde, regn og snø. Men vi har også vore på ein kveldstur med fullmåne, fortel damene og gjer ein ekstrarunde med stavane til ære for fotografen før dei går inn og syng ut i skulen i Herøysundet.
- Men er ikkje dette ei form for fraksjonsverksemd og splitting, noko som er upopulært i ymse organisasjonar?
- Slett ikkje, vi har heile tida gjort det klart at alle i koret kunne vera med hvis dei ville.
- Og så syng gruppa undervegs til topps?
- Stort sett ikkje, for dette er ei trimgruppe sjølv om ho tilfeldigvis består av fire sopranar og fire altar. Men vi song "Fagert er landet" på Borgund-nuten og tok også ein trall då vi var på Varaldsøy-toppen. Vi øver litt undervegs,

men mest er det kjeften som går – minst like fort som beina. Dette er ein effektiv måte å drive komitearbeid på!

I beste "Røyserett-ånd" har jubileumskomiteen skaffa seg eit heller originalt namn. Det skjedde under årsmøtet og er slik: "Ganglaget.com og jekk"!

Billettsalet til festforestillinga er forresten i ferd med å starta. Det blir tre bolkar med meir enn 20 songnummer som spenn over eit vidt register – det blir både madrigalar, viser, Beatles og Abba. Eit eige orkester med Frode Kaldestad som kapellmeister gjev kvelden ein ekstra dimensjon.

Men før vi kjem så langt skal jubileumskomiteen ut og gå eitpar måndagar til.....

Av Ola Matti Mathisen